

Stryn kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 02.12.2015

Møtetid:

Kl. 09:30 – 12:00

Møtestad: Stryn kommunehus,
møterom 3109

		Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
	1	Johan Berge, leiar	X		
	2	Bernhard Hole, nestleiar	X		
	3	Torill Nina Midtkandal		X	
	4	Linda Hellenes Åsebø	X		
	5	Oddvar Bergset	X		
		Personlege varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1/3	1	Jofrid Rye Hestenes	X		Kalla inn som vara
	2	Even Inge Nesje			Møtte som tilhøyrar, gjekk under sak 024/15
	3	Reidar Bjarne Holen			
	4	Karl Ove Loen			
2	1	Antonia Karete Haugen Kongsvik			
	2	Arne Sølvsberg			
4	1	Veslemøy Hopsdal			
	2	Leif Ståle Skår			
5	1	Ola Asle Skogli			
	2	John Olav Kvamme			
		Andre som møtte			
		SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim og Audhild Ragni Vie Alme			
		Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Markvard Sunde			

Sak nr.	Sakstittel
022/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/15	Skriv og meldingar
024/15	Opplæring av nytt kontrollutval
025/15	Møteplan 2016
026/15	Oppfølgingsliste 4-2015
027/15	Eventuelt

Underskrifter:

Johan Berge, leiar

Bernhard Hole, nestleiar

Jofrid Rye Hestenes

Linda Hellenes Åsebø

Oddvar Bergset

SEKOM-sekretariat
v/Audhild Ragni Vie Alme

022/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Stryn kontrollutval 02.12.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

STR-022/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

023/15: Skriv og meldingar

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Stryn kontrollutval 02.12.2015:

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim informerte om e-post frå Stryn kommune og notat datert 26.11.2015 der det ikkje vert kjøpt inn nettbrett til Stryn kontrollutval.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

STR-023/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

024/15: Opplæring av nytt kontrollutval

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek gjennomgang /opplæring frå sekretariat og revisor til orientering.

Handsaming i Stryn kontrollutval 02.12.2015:

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim gjekk gjennom presentasjon/opplæring. Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Markvard Sunde presenterte revisjonen og revisjonsordninga.

Kontrollutvalet ynskjer at ordførar og rådmann vert kalla inn til neste møte for avklaring av forventningar.

Even Inge Nesje opplyste at han har deltidsstilling i brannvesenet i Stryn kommune. Han kan difor ikkje vere vara til kontrollutvalet. Kontrollutvalsleiaren tek dette med seg vidare til valnemnda.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

STR-024/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgang /opplæring frå sekretariat og revisor til orientering.

025/15: Møteplan 2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Stryn kontrollutval legg opp til møtetidspunkt på tysdagar frå kl 9.30. Møtedatoar i 2016:

- 1.3.16
- 26.4.16
- 14.6.16
- 27.9.16
- 22.11.16

25. januar deltek utvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket.

Handsaming i Stryn kontrollutval 02.12.2015:

Nytt framlegg til vedtak:

Stryn kontrollutval legg opp til møtetidspunkt på tysdagar frå kl 9.30. Møtedatoar i 2016:

- 1. mars
- 3. mai
- 14. juni
- 27. september
- 22. november

25. januar deltek utvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket, og SEKOM-sekretariat melder på dei faste medlemmane og eventuelt 1. vara.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

STR-025/15 Vedtak:

Stryn kontrollutval legg opp til møtetidspunkt på tysdagar frå kl 9.30. Møtedatoar i 2016:

- 1. mars
- 3. mai
- 14. juni
- 27. september
- 22. november

25. januar deltek utvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket, og SEKOM-sekretariat melder på dei faste medlemmane og eventuelt 1. vara.

026/15: Oppfølgingsliste 4-2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Stryn kontrollutval 02.12.2015:

Kontrollutvalsleiar tek opp kjøp av nettbrett på budsjettet i 2016 med formannskapet.

Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen informerer på neste møte og informerer i høve oppfølging av rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Økonomireglement Stryn kommune.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

STR-026/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

027/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Stryn kontrollutval 02.12.2015:

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

STR-027/15 Vedtak: